



**Festidalen 2014 vart ein dunderande suksess!  
 Dette er hovudkonklusjonen i rapporten om Festidalen som  
 Anbjørn Høivik vil leggja fram for formannskapet torsdag.  
 Snau 20 ulike arrangement vart gjennomført på dei 4 dagane  
 og berre 4 av arrangementa hadde alkoholservering.**

3600 var på musikkfestival som var utseld begge dagar, 130 barn var på Festidagen, 60 på næringsseminar, 30 på føredragskro og 140 på sundagskonsert i Helgheim. I tillegg kjem nokre hundre på gratisarrangementet Festitaren i båthamna. 200 møtte til gratisfrukosten til Spar og Systrene Nilsen.

**Rapporten slår fast at Festidalen ikkje vel enkle løysingar og held fram:**

- Våre produkt og tenester skal vere ekte, reine og ærlege. Store ressursar vert lagt ned i utsmykking av festivalområdet og bygda ellers. Det store mangfaldet av arrangement krav ein stab på meir enn 200 frivillige. Maten som vert servert er stutteist, til dømes grillpølser av gris frå Herøysund, storfekjøtt frå Kjærland og burger- og pølsebrød frå Halsnøy.

Booking av artistar vert gjort med omhu der vi har ein god kombinasjon av store, etablerte utøvarar og gode, men meir ukjente band.

Vi ønskjer å servera best mogeleg øl, ikkje mest mogeleg øl  
 Vi har eit oppriktig ønske om å gi ei god oppleving til flest mogleg.  
 Sidan vi har open aldersgrense på festivalområdet set vi større krav til oss og til gjestene i omgang med alkohol.

Tilsaman 180 under 18 år vart registrert fordelt på 113 verjer og dei fleste under 18 hadde forlate området før klokka 21.  
 I år var talet på barn og ungdom meir enn dobla i høve til i fjor.

Verjeordninga fungerer bra og det har ikkje vore negative opplevingar knytt til den på dei 3 åra den har fungert. Enno er det ikkje opplevd konkrete situasjonar der barn har hatt trong for bistand frå arrangøren.  
 Skjenkekontrollen har ikkje avdekket kritikkverdige tilhøve.

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen